Egil Bakka

Dans - en flyktig vetenskap

Erfaringskunnskap, intuisjon og folkedansforsking

Dansen er erfaringskunnskap som meir enn dei fleste andre ytringar er avhenging av den einskilde menneskekroppen. Det er kroppen, og då som regel heile kroppen, som er instrumentet åleine. Notasjonssystema vi har for å kunna halda fast dans er meir kompliserte og har fleire dimensjonar enn td. musikknotasjon, jamvel når vi skildrar dans på ein sterkt forenkla måte. Samanliknar vi tida det tek å skriva ned eit rørslemønster i td. Labanotasjon med tida det tek å skriva ned eit musikalsk mønster, får vi ein

Foto: Arne Kjellman

illustrasjon av dette, dansenotasjonen må mellom anna ha med musikknotasjonen. Dessutan snakkar vi då berre om å gjera greie for mønster og strukturar. Det er så mange fleire dimensjonar og perspektiv som knappast let seg tappa ut korkje gjennom skriftfesting, opptak eller målingar. Det er så mykje røynsle og kunnskap som sit i det einskilde mennesket og som vi kan erfara når mennesket er der og kan ytra seg.

Henry er eit uvanleg menneske når det kjem til å ytra seg i det heile, og spesielt når det kjem til å ytra seg om og i dans. Han evnar å formidla den veldige erfaringa han samla gjennom eit heilt liv i aktivitet og arbeid med dans. Han kan setja saman bitar og element frå eit breitt spekter av kjelder for å kasta lys over ein enkelt, bestemt dans. Framfor alt evnar han å gjera det med ein lysande inspirasjon og varme som fangar andre si interesse.

Eg skal koma med nokre tankar om dette med å setja saman informasjon frå eit breitt spekter av kjelder for å kasta lys på bestemte fenomen. I danseforskning og dansehistorie er vi vane med å samla informasjon frå eit lite utval slåande og gode, gjerne lett anekdotiske kjelder. Vi er på trygg is når vi samlar eit høveleg utval av trygge skriftlege kjelder som vi drøfter, held saman og lagar ei tolking på.

Ser vi på arbeidet til Henry, ser vi at han har ei veldig mengd av kunnskap om dansar som han ofte mest intuitivt støttar seg på for å forma hypotesar om historiske samanhengar og historisk hendingsgang. Han kan kobla saman tallause minne frå å ha sett folkedans frå heile Norden, ja jamvel Europa, med faglitteratur og historisk kjeldemateriale han i stor grad har present. Resultatet kan bli dristig, fantasirikt og vanskeleg å etterprøva, fordi det byggjer så mykje på dei mange intuitive intrykka som i praksis er vanskeleg å dokumentera.

Jonnys Soling, Irene och Henry Sjöberg. Foto: Arne Kjellman

Når arbeidsgruppa i Nordisk forening for folkedansforskning møtest for å drøfta og arbeida med jamføringar og dansehistoriske spørsmål merkar vi kva for einestående ressursar det ligg i denne typen mengder av present erfaringskunnskap. Spesielt tydeleg blir det når vi, slik som dei siste åra, har måtta greia oss utan ein av desse kroppsbaserte "databasane", nemleg Henry sin.

Ein av ideane bak arbeidet til Nordisk forening for folkedansforskning har vore å utnytta desse *databasane* våre til å ordna og systematisera det nordiske folkedansmaterialet ut frå ei dels intuitiv dels erfaringsbasert hypoteseforming. Det er mellom anna ein freistnad på å ta att noko av forspranget til dei som har studert folkekulturelle ytringar med høgre prestisje enn dans.

Kulturvitskapane bygde opp store oversynsstrukturar over tradisjonsmateriale i Norden, ja jamvel vidare, gjennom nitide analyser og jamføringar. Vi kan td. tenkja på den nordiske balladetypologien (Jonson, Solheim & Danielson 1978). Dette skjedde enno i den tida då kulturforskarane trudde på lange forteljingar, på lineær utvikling, på klassifisering og store strukturar. Det vart lagt ned livsverk frå generasjonar av forskarar på dette arbeidet. Slik har nye generasjonar eit utgangspunkt å referera til i kritikken sin av fortidige resultat og teoriar.

Danseforskinga har ikkje ressursar til noko som kan likna på slikt arbeid. Vi som gjerne vil utvikla kunnskapen vår om fortidige danseformer, om historia ikkje berre til dansinga, men også til dansane, vi har vanskar med nett dette: At vi ikkje har hatt systematisk utvikla referansestrukturar om historisk dansemateriale. I ein slik samanheng blir ikkje skiljet mellom tradisjonsdans og selskaps- og motedans nyttig, det blir naudsynt å sjå samanhengar.

I ein periode der denne typen strukturar er forskningsmessig utdaterte, blir det spesielt vanskeleg å utvikla dei med truverdigheit. I prosjektet *Gammaldans i Norden* gjorde vi veldokumenterte og nitide formstudier av eit stort dansemateriale frå heile Norden. Så prøvde vi å tolka funna våre i lys av historisk kjeldemateriale, og kunne presentera både ny kunnskap og hypoteser om relativ nær dansehistorie.

Prosjektgruppa i Nordisk forening for folkedansforskning (Nff) representerer "databaser" av erfaringsboren kunnskap som berre i minimal grad er dokumentert eller kan dokumenterast på konvensjonelt vis. Dei er viktige fordi dei meir enn vanleg representerer kobling av kjeldekunnskap og dansekunnskap. Arbeidet med det neste større Nff-prosjektet, Nordisk folkedanstypologi, var ein freistnad på å starta arbeidet med å utvikla store referansestrukturar for studiet av nordiske danseformer. Det var samtidig ein freistnad på å utnytta og dokumentera dei "databasene" av erfaringsboren kunnskap som blir borte med medlemene i gruppa.

Arbeidet kviler kanskje på ei tru på at forskning bør omfatta både dei nitide, presist dokumenterte detaljstudiane og dei fantasiborne, intuitive nært sagt kroppslege hypotesane. Dei siste held kanskje sjeldan heilt for kritisk etterprøving, men kan likevel gi retning og inspirasjon for det meir nitide arbeidet.

Siste året har prosjektet *Gammaldans i Norden* inspirert til eit i prinsippet verdsomfattande prosjekt. Det er ei understudiegruppe under International Council for Traditional Music si studiegruppe for etnokoreologi. Gruppa har kalla prosjektet *Round dances - 19th century derived couple dances* og samlar deltakarar frå både Europa og USA. Tanken er jamføring av både sjølve danseformene og av det historiske materialet dei har etterlate seg. Eit tema gruppe tok raskt tak i som utgangspunkt var den politiske, ideologiske og sosio-kulturelle diskursen som vart skapt om dansane i ulike land. Det er også interesse for å sjå på dei organiserte kontekstane der dansane framleis lever i dag, i form av dansegrupper, klubbar og organisasjonar.

Det er interessant å merka seg ein parallell mellom eit nordisk og eit globalt perspektiv. I 1983 valde vi gammaldansen eller runddansen som tema for det tyngste prosjektet vårt så langt fordi det var den tydelegaste fellesnordiske dansesjangeren eldre enn 1900. Når vi ser dans i eit globalt perspektiv, får vi inntrykk av at runddansen, framom alt valsen, er den dansesjangren som nådde vidast ut jamvel globalt før tangoen kom.

Eg tillet meg å slutta med ei lita oppleving, som eg no dokumenterer første gong. Så langt har ho berre vore minnet av eit synsinntrykk hos meg, eg minnest lite av det eg må ha høyrt: Eg gjekk kveldstur i den vesle kinesiske provinsbyen Shaowu i Fujian-provinsen sommaren 2002. Den kinesiske kjentmannen min peika på eit hus, og sa at der var det dans no. Vi gjekk opp trappa og kika inn i ein dansesal: Heile golvet var fullt av mellomaldra menneske, kanskje 50 par som svinga seg i presist utført vals. Preget var ikkje så uformelt og laust som ein ser i nordisk folkedanssamanheng, men slett ikkje så stramt og stilisert som i sportdans. Det såg ut som velordna europeisk samværsdans. Så vart eit forheng drege for og ei dør lukka, arrangørane ønska ikkje tilskodarar. Eg vert stadig minna om kor flyktig dansen er.

Foto: Arne Kjellman, Foto av affisch ovan: Bengt Nilsson

Litteratur

Jonsson, Bengt, Svale Solheim og Eva Danielson (editors) : *The Types of the Medieval Ballad, A descriptive catalogue*, Oslo-Bergen-Tromsø-Stockholm 1978.

Webside med rapportar Round dances - 19th century derived couple dances: www.ethnomusic.ucla.edu/ICTM/stg/index.php?lcode=5

Egil Bakka är professor i dansvetenskap vid Norges teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim och leder Rff-sentret, Norsk senter for folkemusikk og folkedans.